AUSTAVINDEN

Organ for Vidrek Grendelag



T.Ø.99

Julen 1999

Moloen

Utrolig nok, men jeg har i nyere tid truffet godt voksne mennesker med tilknytning til denne bygda, som ikke hadde hørt om moloen, langt mindre sett den. Men slik er det, ser du en ting ofte nok så enser du den ikke.

Av Albert Olsen

På den andre siden fins det mange utflyttede mennesker der moloen og badelivet rundt den er blant deres fineste sommerminner fra barndoms- og ungdomstiden.

De som har levd en tid husker også tiden før moloens tilblivelse. Behovet for en slik "bølgebryter" har vel alltid vært tilstede der nede i fjære når det skulle landes, eller "settes av landet".

Da bygda ble velsignet med butikk og posthus samt dampskipsekspedisjon ble molo nærmest en livsbetingelse. Varer av ulikt slag skulle i land, og framfor alt skulle melk sendes den andre veien. Tidligere hadde denne transporten foregått med robåt eller sjark helt frem til Narvik. Dette er så granngivelig skildret av Andreas Indregard i diktet 'De sett' a' landet' at jeg skal ikke prøve meg på noe plagiat.

Selv med de forbedringer moloen skapte, så måtte denne form for ekspedering være et mareritt på vinterstid. Det var Enevold Kongsbakk og sønnene hans som i mangfoldige år stod for ekspedisjonsjobben.

At byggingen av moloen var litt av et 'karsløft' kan en se den dag i dag. Skarene i Bryggeberget og skalperingen av Skjæret taler sitt eget språk, og alt var utført med håndmakt: bor, feisel, slegge og spett. Løfteredskap var stubbebryter. Transport foregikk med tralle på skinner. De store blokkene som i dag er i ferd med å bli en steinrøys av havets herjinger, var engang sirlig murt sammen av slitte arbeidsnever. På østsiden ble moloen aldri murt helt ferdig, men årsaken kjennes ikke i dag - trolig var det pengemangel.

Forståelig nok måtte det meste arbeidet foregå med fjære sjø, natt som dag. En måtte passe sjøan. Til sist ble det lagt skinnegang med tralle fra naustet og ned forbi Skjæret. Dette var i seg selv et stort framskritt. Varer, som ofte var svært tunge kollier, og melkespann - fulle som tomme - var blitt båret tidligere, kunne nå trilles på trallen.

Hvordan dette prosjektet ble finansiert, av stat eller kommune, kjenner jeg ikke til. Stort sett alle arbeidsføre mannfolk på Vidrek deltok på dette anlegget, som foregikk en gang i tredveårene. Timelønnen utgjorde neppe like mye i ører den gang som i kroner i dag. Likevel, disse karene reiste et monument over seg selv som vidner om pågangsmot og innsatsvilje i en svunnen tid.

Ellers hilser jeg god jul og godt nyttår til alle Austavindens lesere, fra han Albert med husstand.

Austavinden

Redaksjon:
Martin Indregard
tlf. 76 95 96 21
e-post: martini@online.no

Idun Ravn
tlf. 76 95 96 61

Toril Ranheim Hansen
tlf. 76 95 96 42

Torgunn Olsen
tlf. 76 95 96 40

Sigve Indregard
tlf. 76 95 96 21

Layout og redigering:
Lars Flønes Ravn
tlf. 76 95 96 20
e-post: larsravn@online.no

Utgiver:
Vidrek Grendelag

Pris: *kr. 20,00*
(+ evt. porto kr 10,00)

Medlemskap i grendelaget:
Voksne: kr 25,00
Barn u/ 18 år: kr 10,00

Stoff til bladet sendes:
Lars Flønes Ravn
Virak E6 161
8520 Ankenesstrand

Austavinden på Internett:
www.rett.no/lars/austavinden/

Forsidetegning:
Torgunn Olsen

Lederen i grendelaget har ordet

Eit aktivt og artig år for Vidrek grendelag går mot slutten. Når det i tillegg er siste året i dette årtusenet, er det så ein kan bli reint høgtidsstemt. Ettertanken og refleksjonane kjem. Kven budde her ved forrige årtusenskifte? Kva tankar gjorde dei seg om framtida, og kva betyr deira liv for våre liv?

I november feira vi 20-årsjubileum i grendelaget. Det var ein fin opplevelse. Eg vil takke alle som var med, både dei som stelte i stand og dei som møtte opp. Det er den samla viljen til å bygge opp under det vi har felles, som teller.

I løpet av året har vi for alvor starta diskusjonen om kva vi skal gjere med det uomtvistelege faktum at her nesten ikkje er ungar under skolepliktig alder og at gjennomsnittsalderen stadig aukar. Saman med grunneiarlaget har grendelaget søkt Fylkesmannen si landbruksavdeling og fått eit tilskott på 70.000 kr til å utvikle plan for kva vi kan gjere for å legge til rette for at Vidrekgrenda også i framtida skal vere ei levande grend. Planen skal utviklast i løpet av året som kjem.

Vi hadde medlemsmøte i grendelaget i september der vi starta diskusjonen. Møtet var prega av vilje og evne til å diskutere og analysere situasjonen. Diskusjonen kan kort oppsummerast slik:

Vi har natur og kultur det er verdt å satse på. Til saman har vi ein kompetanse som kan sette oss i stand til mykje. Men det er nødvendig at vi er oss bevisst at mange tegn i tida tilsei at grendesamfunn som Vidrek ikkje er liv laga. Skal vi komme oss vidare i ei retning vi vil vere tjent med, er det nødvendig å gje seg tid, å la tankane modnast. Det er viktig at så mange som mulig tar del i arbeidet.

Det er tredje søndag i advent med eit rosa skjær over nordhimmelen, meir gyldent mot vest og sør. Fjorden ligg stille, og nysnøen rundar av alle konturane i landskapet. Gradestokken viser - 7, og katta foretrekk å sitte i vinduet å sjå ut framfor å bli så fryyyyyyktelig kald på labbane.

Om to dagar går turen for meg sør- og vestover, nærmare bestemt til Los Angeles i USA der eldste sønn min med familie bor. Eg skal feire jul og nyttår der. Det blir spennande. Så vil eg ønske alle ei triveleg jul og eit godt nytt år! Eg gler meg til arbeidet vi skal ta fatt på i det første året i det nye årtusenet!

Rønnaug Indregard

Brev frå ei gammel dame på Vidrek i år 2064

Det er første søndag i advent. Eg har akkurat vore ute og tatt ein liten spasertur. Turen gjekk langs gangstien vi fekk til for snart 25 år sidan. Det er så vakkert med den snøen som kom i natt. Skal sei ungane setter pris på han!

Av Rønnaug Indregard

Ungar ja. Eg hugsar omkring årtusenskiftet. Då var vi bekymra for at gjennomsnittsalderen var for høg her i grenda. Det har sanneleg endra seg. No er her ungar og vaksne, liv og virke. Eg sjølv er no ei gamal dame i mitt 83. år.

Eg må sanneleg sei at det er artig å bo i ein foregangskommune. Det har jo ikkje alltid vore slik. Etter det katastrofale 2000-budsjettet, var det at narvikpolitikarane tok rev i segla, og slo fast langsiktige prinsipp for den politikken dei skulle føre. Dei kasta fram nye revolusjonerande tankar som var starten til livsløpreformen som blei vedtatt i Stortinget i 2015.

Reformen gjekk kort ut på at datamaskinen tok over mykje av formidlinga av det teoretiske lærestoffet. Stor vekt blei lagt på at ungane skulle lære av det praktiske livet, og ingen skulle trenge å føle seg til overs, verken ung eller gamal. Alle har ansvar for kvarandre.

Kan skjønne at dei som styrte og stelte i Bodø og Oslo blei oppskaka då dei skjønte at politikarane i Narvik hadde funne på noko heilt anna. "Den vanstyrte kommunen, og så komme her og komme her!" Men narvikingane sto på sitt, og dei vann fram.

Eit prinsipp i livsløpsreformen er at det er verdt å halde oppe dei gamle måtane å gjere ting på. Nostalgi, seier du. Nå nei, det har nok andre årsaker og. Det har vist seg at gløymer ein dei gamle enkle metodane, har ein og mist ei kilde å ause av når ein skal tenke nytt. Dette har gitt dagens unge ei innsikt i samanhengar som eg er redd heile samfunnet var på tur til å misse slik vi kjørte verden, for 25-30 år sidan.

Vidrekgrenda kjente besøkelsestida si. Vi laga eit opplegg for denne kulturlæringa. Pensjonistane og ungane arbeidde saman, og no kan du tru her er fint. Tenk deg, no ligg kver ei stø i fjæra rydda og med nye lunnar, og robåten er kommen til heder og verdighet igjen. Dei unge lærer om dei gamle mèdene, forskjellige teikn i ver og vind, stell av båt og bruk, gamle måtar å stelle til og oppbevare mat, gamle husflidstradisjonar og mykje anna. Vi har fått til så godt opplegg på dette at ungar frå andre delar av kommunen kjem for å lære her hos oss. Etter kvart som reformen skulle innføres i resten av landet, kom mangein delegasjon for å studere kva vi hadde gjort.

Det er viktig å vere seg bevisst at vi lærer heile livet. Her på Vidrek har vi satsa på læring gjennom samkvem med folk frå andre kulturar. Ja, mangt har vi opplevt, og mangt har vi lært, og triveleg har vi hatt det. Folk frå land langt borte har vore her og sett kva vi driv med og lært av det. Eg gløymer ikkje då eg kom til Peru og blei servert gomme, riktignok kokt på lamamelk, men etter Lilly si oppskrift.

Tida omkring årtusenskiftet blei i grunnen vendepunkt på så mange måtar både heime og ute. På nittitallet hadde markedskreftene fått stort spellerom, og det var

opplest og vedtatt at å produsere mat i Nord-Norge var ulønnsomt. Basta! Men nye tankar braut gjennom, og det skjedde så fort at mange ikkje riktig greide å følge med i det som foregjekk. Det var verdisettinga av fornybare og ikkje fornybare ressursar som endra seg. Bensinprisen blei mangedobla, og plutseleg lønte det seg ikkje å frakte mat over store avstandar. Det reulterte i prinsippet om at maten skal konsumerast nær der han blir produsert. I dag er Nord-Norge bortimot sjølvberga med mat. Det same er andre deler av jorda og der folk tidlegare lei naud. I dag et vi stort sett nordnorsk mat, men han er tilbereidd og smaksett med inspirasjon frå heile verden.

Her på Vidrek blomstra småskalajordbruket opp. Mangt er prøvd, mykje har lukkast og ein del har gått i vasken. Vi har hatt utruleg nytte av samkvemmet med andre kulturar både når det gjeld produskjon og tilbereding av mat. Ein ung grekar som kom hit på utveksling for nokre år sidan, gifta seg med ei vidrekjente og slo seg til her. No produserer dei vin av bær som sankes i skogen og på fjellet. Produktet er framifrå, og ungane demmes e no nån nydelige skapninga dei og.

I løpet av tida er det starta forskjellige andre bedrifter her. Enkelte har gått dukken, andre har greid seg. Ein del av dei gamle fjøsan er tatt i bruk til slike formål. Av det som ser ut til å gå bra, er ei lita sølvsmie der dei mellom anna produserer sølvsmykke inspirert av funn frå vikinggraver i Ofoten. Han Hans fortsette suksessen sin med naturfilming, og mange har komme hit i løpet av åran for sjøl å oppleve den vakre naturen dei har sett på TV. Ja, det må æ nemne. Saga hannes Karl Olsa kom i gang igjen, og går jamnt og trutt. Ja, den gamle båtmotoren er no erstatta av elektrisk motor, men lukta av sagflis er den same. Det har seg slik at eit par stykke har starta med møbelproduksjon basert på bjørk. Dei lagar dei vakraste møblar, og så må dei jo få virket skoren ein stad.

Når du ser Vidrekgrenda i dag, har ho bygnigsmessig mykje av det same preget som for nokre tiår sidan. Dei nye virksomhetene har stort sett tilhald i dei bygningane som var her frå før. Det er bygd ein del nye bolighus. Dei er godt plassert inn i kulturlandskapet. Dei største endringane har skjedd utadørs. All dyrkajorda er i bruk til eit eller anna. I utmarka blir det beita. Det byrja med den svarte bølingen til Anne-Berit og Gaute. Det gjekk ikkje mange år før dei hadde tatt knekken på krattskogen. Med lys til skogbotnen mangla det snart ikkje på gras til beitedyra. Det blei fleire av dei etter kvart, så no har elgen fått skikkeleg konkurranse.

Du kan tru det er triveleg no når det bor folk i alle husan. Det var så trist før når så mange sto med mørke vindu vinteren igjennom. Det er stort sett

etterkommarar av dei som budde der før, som har slått seg ned her. Den aktiviteten som har vakse fram her og det at det blei vanskelegare å sitte med jordeiendom utan å bruka han, er nok dei viktigaste grunnane til tilbakeflyttinga.

Eit lyst hau fann på at alle som hadde ein ide om å starte opp med eit eller anna, trengte jo ikkje å gjenta alle dei feila som andre hadde gjort før, og kontorarbeidet kunne jo effektiviseres. Dermed blei Vidrek erfaring og nyskaping A/S starta. Du må vere bosett i grenda for å vere aksjeeigar, og utbyttet går til vidare utvikling av dei næringsmulighetene grenda har.

Eg kunne ha fortalt så mykje meir, men du får heller ta deg ein tur og sjå sjøl. Til slutt må eg berre

få sei at eg bor i ei trivelig og livskraftig grend, og dersom du spør om kva som har vore viktigast for den utviklinga som har skjedd, så svarar eg: At alle har vore med og hatt sitt å yte.

For øvrig er alt med det gamle her. Den eine austavinden er like stri og kald som han alltid har vore, og den andre kjem med ny utgave kver einaste jul. No har eg ikkje tid til å skrive meir for eg skal på adventskafè på grendehuset.

Grendelaget 20 år

Den 6.november feira grendelaget seg sjøl, og vi har eksistert i 20 år. Det synes ikke så lenge siden vi starta opp, men når man ser på egen alder, og de som unge da. - så stemmer det nok likevel. Det var påmeldt nesten 90 personer til jubileumsfesten, og i gymsalen stod et stilig bord dekket.

Av Toril Hansen

Toastmaster var Jostein Kristiansen, og han holdt rede på taler og spedde på med vitser som fikk latteren fram. Rønnaug, som lagets leder, ønsket alle velkommen. Så ble døren til klasserommet åpnet, og vi kunne gå puljevis for å forsyne oss fra koldtbordet. Der stod 22 forskjellige retter, så pent pyntet og oppstilt, at det var nesten synd å skulle spise det opp. Det var reine kunstverket. Det var ostebord, salater, posteier, røkt og kokt fisk, reker, kjøtt, pålegg, egg i alle fasonger, puddinger og dressinger. Og så godt som det var, og selv om det var umulig å smake på alt, så fikk det bein å gå på. Jeg tror ikke Royal kunne gjort det noe bedre. Så all ære til Gunn, Berit, Frida og Randi som tok den jobben. Tusen takk for maten, det var så nydelig.

Jan Røssås var førstemann ute på talelista, og pratet om gamle dager og mot i dag. Så fikk varaordføreren i Narvik, Per Henrik Mørk ordet, og hilste fra ordføreren som ikke kunne komme. Han kom med forslag om at grendelaget skulle overta vedlikeholdet av flere kommunale bygninger, siden huset vårt var holdt så godt hevd. Så overrakte han en plakett av Narvik byvåpen, som hilsen fra Narvik.

Lars Slettjord var representant fra Ofoten Museum, og gikk tilbake til de første boplassene i Ofoten, og Virak var en av dem. Han håpet på fortsatt samarbeide med grendelaget, slik som vandringa langs gammelveien i sommer. Selv om han representerte et museum, overrakte han to fotballer for bruk av bygdas unger. Gjett om det vil bli godt brukt.
I mellom talene gikk folk og forsynte seg flere ganger med mat, så da alle

ver mette, var det ennå masse igjen.

Martin Indregard representerte administrasjonen i Narvik, grunneierlaget og seg selv, og markerte de forskjellig med å bytter hatt etter hvem han pratet for. Han gikk tilbake 20 år, og nevnte bla. Jennys innsats i starten. Særlig hennes arbeid for Austavinden.

Rektor for Håkvik skole var forhindret fra å kom-

me, men de var invitert de også. Kurt Stenersen fra Håkvik idrettslag ga et stort speil som skal henge i gangen. Det har vært savna lenge, så tusen takk til idrettslaget.

Varaordføreren i Tromsø var også til stede, men denne gangen representerte Britt Sofie Illguth seg selv, ektemannen og familien Arntzen, hyttefolket ved Storelva. De hadde kjøpt et flott bilde av Marit Bockelid som grendehuset fikk i gave.

Rektoren ved Ankenes ungdomsskole, Jakob Rensaa, var noe forsinket fordi han hadde vært på et møte i Harstad, men rakk å få seg en matbit han også. Han hadde også med en gave, et innrammet trykk som også skal få plass på veggen.

Etter talene ble bordene ryddet, og det ble gjort klart til kaffe og kaker. Komiteen hadde lagd ei kjempestor marsipankake som Torgunn hadde pynta. Ellers var det bløtkaker og sjokoladekake, og godt smakte det.

Mens kaffen og kakene bli fortært, leste Oddmund og Erlend noen klipp fra barn og ungdoms- stiler. De framførte også en sketsj. Den handler om to som var fanget av kannibaler og puttet i middagsgryta. En sørgelig affære, helt til den ene begynte å le. Hva ler du av? Spør den andre. Jeg har tissa i gryta, var svaret. Da svimte kannibal-mamma Anne Berit av når ho smakte på suppa. Det var egentlig Lise som skulle ha den rollen, men både Lise og Mari ble syke og måtte dra hjem, så da steppet Anne Berit inn.

"Virak-sangen" bli forandret litt, slik at den passa for anledninga, og ble tatt som allsang. Virak blandete damekor bestod for anledningen av Lilly, Monica, Anne Berit, Randi og Toril. De framførte en sang om aktivitetan på grendehuset, og så hadde Lilly laget et siste vers som ho leste aleina.

Som en overraskelse til slutt kom Rønnaug, Martin, Per Henrik Mørk med frue og Marit Skifte med to sanger. De synger alle i Sangvirkerlaget, og fant ut at de hadde alle stemmene inne. Det ble en fin avslutning for kvelden. Folk satte rund og pratet en stund til, før vi takket for oss og dro hjem.
Grendelaget skal ha masse skryt for et flott arangement!

Gunn takker

På vegne av ho Lene vil jeg takke dere alle her på Vidrek for all oppmerksomheten dere gir henne. Jeg kan love dere at hun setter enormt stor pris på det. Den største takken vil jeg gi til alle små og store unger. Slike som dere vokser ikke på tre. Jeg er veldig imponert over dere. På fredagsskolen og andre tilstelninger har ho Lene ofte vært med, og dere viser henne 100 % oppmerksomhet. Hun får lov til å være en av dere, og det kan jeg love gleder Lenes hjerte.

I sommer hadde vi laget et hageselskap for henne. Hun var hos oss på en 10 dagers ferie. Værgudene viste seg hver dag fra en dårlig side, men vi bygde inn verandaen og da gikk det "så det susa". Men det takket være dere alle som kom og gjorde det så hyggelig for henne. Hun er veldig stolt over å ha så mange venner her på Vidrek. Når sola begynner å varme i februar/ mars skal Lene invitere dere på solfest på skola, og da blir det kåring av solprins og solprinsesse.

Lene er utrolig glad i alle dere. Ho ønsker dere en god jul og et godt nyttår.

Gunn Larsen

Påskeaften i fjæra

Klokka 12 på påskeaften har en del hyttefolk og fastboende langs Storelva et årlig treff i fjæra nedenfor Kjerksteinen. Samme tid og samme sted hvert år, under åpen himmel i all slags vær.

Av Arna Flønes

Hvor lenge det har pågått er uvisst, det var i alle fall første gang for undertegnede i det gode selskap.

Dagen opprant med skiftende oppholdsvær og snykov i takan. Alle hadde hyra seg etter beste evne og kom anstiganes med mat og drikke i massevis.

Vi fyrte opp to bål, et beregna på pannekakesteiking og et til bålkaffe, pølse og baconbiter. Så var det bare å hive seg i matlaginga. Ho Eva hadde dreisen på pannekakene, som snart fikk bein å gå på – fleskepannekaker i fri luft.

Ettersom de før nevnte initiativtakerne har anskaffa møblement i fjæra, ble bordet dekka som det seg hør og bør med gul påskeduk og påskekylling.

Mens vi holdt det gåanes med gjøremålan og kosa oss etter beste evne – i snykovet – gikk tankan uvilkårlig tilbake i tida, langt tilbake til da våre forfedre kun brukte bål til matlaging! Et lite instinkt våkna kanskje til liv hos enkelte.

Artig var det i alle fall, og sånne spesielle tradisjona er det verdt å føre videre, så vi treffes nok igjen påskeaften i år 2000.

PS! Påskekyllingen som forresten var laga av trolldeig, var ganske medtatt da han kom heim.

Fisken fra i fjor...



Av Martin Indregard

I Austavinden desember 98 fortalte vi nyheta om ørreten som blei fiska med Brøyt X21 i Vidrekelva. Var det noen som tvilte på fiskehistoria? Skam på dokker! For nå har vi fotografisk bevis! Litt uskarp, javel, men det er faktfisk den rette ørreten dokker ser på bildet her.

Rundvask på grendehuset

Av Gunn Larsen

Lørdag 17. april var det rundvask på skola. 25 personer var møtt fram til vaskedugnad. I gymsalen var det satt opp et hjemmelaget stillas, og vi "gnekka" og gnudde og vaska og styra i gymsalen, klasserommet, kjøkkenet, materialrommet, gangen, trappa og på toalettene. Gardinene ble også vasket og strøket av Berit. Kjøleskapene i kjelleren ble fjernet, og et nytt klosett montert på herretoalettet. Det var gitt i gave fra Alf-Martin Arntzen, og Jon Martin monterte det. Alt av bord og stoler ble vasket, vinduene ble også vasket, og også bøttekottet ble "oppsjainet".



To pauser var lagt inn. I den første pausen ble det servert kaffe og kaker. Frida hadde laget fiskesuppe og brytebrød som ble servert i den andre pausen.

Tiden fløy av gårde, og vi hadde det kjempetrivelig sammen. Vi holdt på fra klokken 9 til 17. Det ble så rent og fint da vi var ferdig, men så var det veldig skittent før vi begynte.

Skolen er veldig mye brukt for tiden, og ingenting er vel så hyggelig som det. Det er bare en ting å si om oss på Vidrek, at maken til samhold skal man lete lenge etter. Alle som har anledning stiller opp og bidrar med sitt, vi jobber sammen som en stor og sammensveiset søskenflokk.

Fellesskap lager trivsel, og trivsel er nøkkelen til et godt og trygt miljø. Takk og pris for at vi har evne til det. Vi møtes igjen i år 2000 til nye skippertak på skolen.

Jeg ønsker dere alle en riktig god jul og et godt nytt år!

JULETREFEST

ONSDAG 29.DESEMBER KL. 17.30 PÅ GRENDEHUSET.

Ta med nissepakke, kakefat og julestemning.

Velkommen til den siste juletrefesten i dette årtusenet!

Hilsen komitèen.



Han Per Springar

Her i haust forlet eit kjend Vidrek-fenomen på førti og femtitallet plassen sin i vedskjåen på Indregard, og drog ut på det som kan hende blir "den siste reis". Eg siktar til den gamle bilen til far, han Per Sprengar. Han tjente oss i ein tiårsperiode, på fleire vis enn bilar flest. Så han er verdt eit eige kapittel.

Av Martin Indregard

Far min hadde nett kjøpt ny bil då krigen sto for døra. Bilen blei rekvirert av norsk militær, og kom aldri meir til sin rette eigar. Men etter krigen fekk pappa, saman med andre som også hadde misst kjøredoningane sine, tilbod om å komme til Bjerkvik og få ein annan bil som erstatning. Pappa kom heim med Per Sprengar, ein Ford V8, med 8 sylindrar under panseret og ein motorgang som ein malande katt. Men i krigstida hadde enten norsk eller tysk militær bygd han om: toppen var kappa av, rett og slett, så han såg ut som ein slags jeep. Bake var han utstyrt med eit stort skap som bagasjerom, og ein stor trekkkrok. Trulig hadde dei brukt han til ordonansjeep eller noe sånt.



Heime blei miltærmalinga overmalt med grått, og far snekra sjølv førarhytt med segldukstak, og bake fekk han ein kalesje som blei halden oppe av jernbøylar. Mange detaljat blei improvisert. Rattlåsen var sveisa av, og dermed startmekanismen. I staden fekk Per Sprengar ein vanlig trykk-knapp, som gjorde nytta.

Pappa var ukependlar til Narvik på den tida, og bilen brakte han til byen kvar søndagkveld og heim att lørdags ettermiddag. Det var få som hadde bil, og det var ein rein luksus å kunne kjøre sjølv. I dei åra rulla det mange slags rare, ombygde bilar rundt, så Per Sprengar stakk seg ikkje så veldig ut. Kven hugsar ikkje lastebilen hans Paulsen, som var lørdagstransport for mykje hyttefolk frå byen, stua saman på lasteplanet mellom provisorisk påsette gardar. Ikkje mykje bilbelte der! Eller melkebussen til Hauklands bilruter i Ballangen, ein gammel Hanomag med 6-7 seter framme og lasterom bak, med han 'Timosjenko' til sjåfør, med ramsvart røyk etter, og mange lause delar. Til og med motoren skrangla visst ein gong laus!

Per Sprengar var også gild å ha på søndagsturar til Råndalen, eller langturar - med tre fergestrekningar - heilt til Harstad. Men om vinteren var han troll-kald, må vite. Like kald inni som det var ute. Og for å få start vinterstid blei det mye draging på sveiva. Det var tunge tak det! Då vi ungane var små, var det likevel berre stas. Litt verre blei det i ungdomstida - då andre bilar var blitt meir moderne, og det mest var flaut å bli identifisert med den rare bilen.

Men det heilt spesielle med han var om sommaren, i høykjøringa. Då

hesten vår, Frøya, blei for gammel, rigga pappa høyvogna vår slik at skoklane kunne stikkast inn i bak-skapet på Per Sprengar, ein kjetting heldt vogna fast til trekk-kroken, og så kjørte vi høylass så fint som berre det. Svingradiusen var heller stor, og på våt mark stod vi ofte fast og spann. Men det gjekk, likevel, med dei store lassa frå marka vår mellom Kongsbakk og Bakkan.

Krona på verket var systemet for å trekke lassa opp på låven (det var låve hos oss den tida, til vi reiv han i 1970). Eit langt, tjukt tau blei knytt fast i atterenden på høyvogna, strekt rundt ei blokk innerst på låven, derifrå ned til ei ny blokk nederst på labrua, og så vidare til Per Sprengar. Når han så kjørte framover marka, drog han lasset baklengs opp på låven.

Det var mamma sin jobb å styre lasset. Ho tok tak i skoklane og hadde ansvaret for at kursen blei stø oppover labrua. Ein dag hadde vi besøk frå byen, ein mann som satt på kjøkenet og fekk seg kaffe då Per Sprengar svinga inn på tunet med eit stort høylass. Mamma undskyldte seg for mannen at ho måtte ut og ordne noka, og han blei sittande og sjå ut vinduet - og fekk sitt livs store sjokk. Han såg mamma gå bort og løfte opp skoklane til vogna med det høge lasset så lett som ingen ting (vi passa alltid på å balansere lasset godt). Og så såg han at ho begynte å skyve heile lasset framfor seg oppover labrua, også det som om det ikkje kosta ho serleg mye strev. Per Sprengar kjørte bak labrua og var ikkje synleg frå kjøkenet, og tauet la bykaren ikkje merke til. Han fauk ut på trappa for å studere verdens sterkaste kjerring nærmare. Då fekk han sjå endå meir imponerande ting: lasset var litt for høgt for låvedøra, noe som ofte hendte, og vogn og lass stansa. Som innøvd rutine var, rygga pappa litt med Per Sprengar og slapp vogna ned noen meter på labrua, ga god gass, og så fauk lasset inn på låven 'med mamma ved skoklane'. "Det går ikkje an!" minnest eg mannen skreik, heilt overgitt over det miraklet han trudde han hadde sett. Og det hadde han jo rett i, på eit vis.

I 1957 blei det lettareå få kjøpetillatelse for bil, og Per Sprengar blei pensjonert og etterfylgd av ein grønn Ford Consul. Endelig hadde vi ein ordentlig bil som vi ungdommane slapp å kvie oss for å bli sett i! Men Per gjorde sommartjenestane sine i mange år etter dette. Så fekk han seg garasjeplass i vedskjåen på Indregard, og der har han stått heilt til no, til stor glede for fleire generasjonar ungar. Det er ikkje så få ungar her på Vidrek som har fått sine første kjøretimar som leike-sjåfør i Per Sprengar inne i vedskjåen.

Men alt har ein ende, og slik var denne. Om den nye eigaren klarar å sette bilen i stand, gjenstår å se. Hvis ikkje, er nok Per Sprengars tid over for godt.

Gudstjeneste

Av Toril Hansen

I år har det vært av holdt 5 gudstjenester på Virak. I påsken var det faktisk omtrent 25 mennesker tilstede. Presten var overveldet at han midt i preika måtte kommentere hvor mye folk som var der. Kirkekaffen er blitt obligatorisk, så vi tar oss en prat over kaffekoppan etterpå. Og det mangler hverken bløtkake eller andre godsaker på bordet.

De sette a' lande'

Av Andreas Indregard

Vinter æ dæ - tila morra,
atti tida - femti år.
Sus a' austavind og båra
so' mot virek-lande slår.

Dæ æ bydag kainn du vette.
Dæførr klokka knaft å fem
då deinn eine kallen ette
ainner fyk a' sengja fram.

"Heng på kjelen fort, du Mette!"
sei hånn Mons mæ kjerr'ngja si.
"Sveng dæg no! Førr du ska' vette
her æ hunj'ns knaft om tid."

"Hit mæ hossan! Kor'n æ boksa?
Æ no huva borte her?"
Mette att og fram må flokse,
leite fram dæ hånn'kje ser.

Her ska' handles mangt og vandles,
- melka gjeres om i slant.
Sia mjøl og kaffe handles,
- ris og sokker pr. kontant.

Men førr skureng, brått og tureng
nedmæ fjæra no i dag!
Båra går mæ fælsli buring
dekt på land i lange drag.

Iskvitt Bryggebergje glise,
- drefsa over stadi vekk.
Tjukkar bergje overise
førr kvar sup og båre-brekk.

I sånn einn austavindsramleng
ni-tie kalla mæ' naustan held samleng.
Einn står og pessa på nula,
- prøva å to' henn', men held henn' så
atter mot sula.
"Voi-voi! Du kainn tru hånn æ barsk,
- dæ frys ette kvart!"

Kvar sine merkje har karan
på den teng - om fjorden æ faran.
Per legge mest vekt på drotten.
Pål ser at sjø'n æ brotten.

Nils nemne skavér.
Ola sei bra ver.
'einn ser dæ' lekt, og ein ser dæ' ulekt.
Einn seie:"Stekt!" - og einn berre: "Sett slekt!"
Alle har or'e, førr or'e æ fritt.
"Sku' vi b'i heime så va' dæ' einn sjitt!"

Anton i Hågjen, så brei i bringjen
kjem mæ' si meining om tingjen:
"Kjeksan kainn aldrien vake
i dettan brotte og brake!
De kainn tell og mæ' fylles og trille,
og kjøtte og melka og alt gå te' spille.
Slekt ha no hendt oss dessverre
fleire gong førr her i Skjerre."

Peder den store har or'e:
"Æ ser hånn æ stugg imot Øyan,
så dæ' b'i nok eitt sørgeli søyan.
Men - va' hånn litt makar i løyan
trur æ nok gjærn vi tøy"an."

Jakop skjær sæg ei skrå - og sei frå:
"Å tøv du, her æ ingja meining i Skjerre,
og nå' sjyen fell ne' b'i dæ' verre.
Vi veit kæ sla' velkår så her æ'.
Men dæ' jo sålleis'n alle vell ha dæ!
Nå' mainn no aller kunn' enes
om deinn dar støa i Feness.
- Nokker småsteina einaste unna å speinne,
- og vi hadde dæ' krinnaste, likaste leinne.
Men no står vi fint her og ser,
du og æg - og hånn Pål og hånn Per.
D'æ så nettopp te' pass åt oss dettan
at vi heime i krern' b'i settan!"

Då æ' dæ' einn så so foreslår
å ta firroringsbåt so i nauste står.
Og einn seie - ja; einn an'n sei - ha!

- dæ dar kainn no væ' bådde vel og bra.
Gamle, gråe Tore, so fembørreng
vidt om hav ho bore
tek no or'e:
"Ja greie og ikkje greie;
men dæ' kainn æ' berre seie,
at ska vi einn firroreng mainne,
mæ' vedbunta, jultre og spainne,
og alt dettan ainner,
- så neiggu - om vi kjem a lain'e!"

Men ha du skuilla sett på make!
Førr sæ' sjøll, sånn litt te bake
i deinnan karmannsvasen
æ' fram-møtt eitt kvinnfolk i stasen.
"No trur æ' sågu de æ galen!"
hånn skjeinnes deinn gråsprengte kaillen.
Men kvinnfolkje bær sæg på gråten:
"Æ må få væ' mæ' dokk' på båten!
Har tainnverk så haue vell remne!
I natt trudd' æ' kjakjen sku' klemne!"

Jau, best so de står, der b'i hånn eit dål.
Karan tek mål, - de har velje so stål.
Ingjen gje no lenger tol!
Og så ber det laust med skrammel og
skrål.

I hui og hast
får de inn si last:
dæ'e props og trops,
og her æ' sekka og spainne,
så mange å lempe og lange
at det reint er eit syn
kor mykje som ska' inn te' by'n.

Og så i eit høveli løye
ut ifrå støa med lasta de pløye.
Staka og var altmed støvlan kan strekke.
Ja, ofte litt lenger einn beillingan rekke.
Båra står inn i eit drefs over skotten.
Einn stakkar får åra si brøtten i botn.
Men inkje må hefte: "La gå! La gå!"
De hiv seg i åran: "Å hya-via-hå!"

Alt går bra. No ber det av stad.
Og karan æ' alle så sjeleglad.
De berga seg heilbeint a' lande,
me' vedbuinta, jultre og sekka og spainne.

Så ligg de te' slutt der og baska og vaska
med åra i båra.
Ingen vell no meire veinte med tur te' i
måra.
Våte i støvlan og isåt i skjegget
beint imot vi'nd og drefset de legge.

Men snart lyt de auster'n skvette.
Og då kainn du tru: "Ka i huj'n æ dette.
Æ' auster'n kvit!
Her ha' det piskade gådd på skit!
- Hei dokker framme: Talgebetten hit!"
Og så b'i det morreng og porreng:
Kæm æ det si? Æ' det mi? Æ' det di?
Æ' ho blå? Eiller grå?
Kanskje deinn me trelokkje på?
Ikkje svar å få.
Men eit nytt og samstemt: "Hya-via-hå!"

Så slit de seg fram, mens sprut på sprut
av iskaldt sjøvatn vøte kvar klut.
"Tøy på no, glunta!
Å hya-via-hå!
Om søkkvåt vi ere:
Kaffen æ' varm hos ho Jørgina Bære!"

Gunnar på elgjakt med Ballangsfolket

Av Toril Hansen

I år var Gunnar med på jakta sammen med Balangsfolket. De fikk alle sju dyra i løpet av de to første jaktukene. Vi har fått skinnene, og sendt dem til beredning. Det blir brune nappeskinn, så vi får se hva vi får ut av dem når vi prøver oss borte på grendehuset. De er vel ikke ferdige før rundt påsketider.

Eit 1000-årsglimt

Midtvintersdagen er i emning. Sola har ikkje vore å sjå på fleire veker. Etter mildver og stille nokre dagar, bles det sur austavind. Det er ti dagar etter vintersolverv. Ein flokk skinnkledde menn samlar seg på Fenes. Dei har storarbeid for seg i dag.

Av Rønnaug Indregard

Ho Åsa til Vidrekir er død, og dei skal klargjere for hauglegging. Ho døydde i barselseng. Ber det galt av stad, nyttar det ikkje om du sit på store rikdommar som ho og Eirik gjorde. Ikkje nytta seidmannen sine kunster heller denne gongen.

Ut av skogen kjem ein stor og røsleg kar. Mennene møter han med vørdnad, og det er tydeleg at han bestemmer korleis arbeidet skal utføres. Ho søster Åsa skal gravleggast slik det sømer seg ei kvinne av Lange-slekta. Mannen heiter Lodve og bur i Saltvik. Det var no ille at dette med Åsa skulle komme på no. Heilt frå i sommar då han fekk tidend sørafrå, har all hans tanke vore opptatt med den utrustinga han må ha i orden til vårjamndøgn. Då skal han legge ut med skipa sine og segle sørover for å vere med kong Olav Trygvason på det oveleg store skipet han har fått bygd. Lodve har vore i kongen si tenest tidlegare, men dei siste par åra har toktene hans gått andre vegar. Det at kongen har kalla han no, er ærefullt, og han legg stor vekt på å vise dei der sør at håløygane ikkje står tilbake for søringane verken materielt eller når det gjeld djervskap.

Han løftar blikket og let det kvile på tinderekka på hi sida av fjorden. Fjella tegnar seg snøkledde mot nordhimmelen. Eit par stjerner har enno ikkje gitt tapt for dagslyset. Tankane går til Åsa og korleis ho har det der ho er no. Han lurer på om ho har fått ein plass i Aasgard verdig ei så klok og vakker kvinne som Åsa. Slike tankar må han vere forsiktig med å sette ord på når han kjem til kongen for han heldt fast på ideen om denne Kvitekrist. Sjøl om han setter kongen høgt, kan han ikkje vere med på desse nymotens greiene. Han må sjå til å ofra skikkeleg til Odin, Tor og dei andre før han legg av garde. Elles kan han ikkje vite kva han kan møte på tur sørover. For få dagar sidan tala han med ein kar som hadde høyrt draugen uti fjorgapet då han kom seglande seint ein uverskveld. Dei andre karane har stoppa opp i arbeidet og samla seg rundt Lodve. "Du Lodve, er det sant at nyskipet til kong Olav er så stort og gildt at det ikkje kan kvelve eller søkke verken i strid eller i uver?" "Ja, det blei meg fortalt at dei gjævaste skipsbyggarane har sagt så". "Mangt ska man høre!".

Vinden har friskna på. No kjem han rett ut Herjangen. Bårene slår langt innover svaberget dei står på, og dei frys i skinnmundurane sine. Ute ved Skjæret har ein småbåt si fulle hyre med å komme seg til lands. "Nei, her sku man ikkje bo. Mørkt og svart og kaldt. Du e heldig du Lodve som kan fare sørover. Æ sku gladeli ha førlatt alt vess æ berre kunne få være med", seier han Gorm og røskar istappar av skjegget sitt. Han Gudmund setter auga kvasst i han. " E du no der med sytinga di igjen? Ka de` så e så gildt der sør? Æ har hørt at når det e uår, så har de ikkje mat. Vi har no fesken i sjøen og reinsdyran på fjellet. Og ikkje før å snakke om den gode kveita vi drog til midtvintersblotet!" Men han Gorm held på sitt: "Sann mine ord: Om 100 vintra så bor det ikkje ein gong fredlause her, og om 1000 vintra - ! Nei, det svemla før mæ! Kom igjen karra, no må vi arbeid ska vi få ho Åsa i haug!"

Årsrapport fra grendelaget

- Årsmøtet ble avholdt 25. februar med 13 medlemmer til stede, noe som var få i forhold til tidligere år. Kanskje møtedagen (torsdag) var ugunstig?
